

HEILE NISSEDAL I FOKUS



**KRISTIN PARKINSON VÅGEN
ORDFØRERKANDIDAT
NISSEDAL ARBEIDERPARTI**



Frå venstre bak: Arnar Vågen, Oscar Nordli, Ingvild Vee Hansen, Ann Kristin Norbø, Katrin Houthuizen, Lars Arvid Bjørgulfson, Paul-Willy Setane, Kim Jørgen Berntsen og Vibeke Homme.

Frå venstre foran: Grzegorz S. Bialecki, Linda Solberg, Kirsten E. Jensby, Kristin P. Vågen og Simone Buyck.

Heile Nissedal i fokus

Arbeiderpartiet er tufta på verdiane frihet, likhet og solidaritet. Vårt mål er at folk skal kunne leve trygge og meningsfulle liv. Politikk er lagarbeid.

Vi skal derfor bygge sterke felleskap som utjamnar sosiale skilnader og gir frihet for alle.

Nissedal Arbeiderparti legg FNs bærekraftsmål til grunn i programmet vi går til val på, og skal bidra til å oppfylle desse.

Vi har mål om å gjere lokalsamfunna våre endå meir attraktive for tilflytting, næringsetablering og allsidige fritidsaktivitetar, der alle blir inkludert.

Nissedal Arbeiderparti har ein politikk for heile kommunen, der vi saman ynskjer å gjere våre gode lokalsamfunn endå betre for framtida.

Saman med sterke fagforeiningar vil vi jobbe for at fleire kan jobbe heiltid i faste attraktive stillingar, i eit godt arbeidsmiljø der trivsel står sentralt.

Nissedal Arbeiderparti er stolt av kommunen, vår flotte natur og all frivillig innsats som gir kommunen liv i glandene. Vår viktigaste ressurs er deg som innbygger, du er med på å gjere dette til ein flott kommune. Gjennom vårt program vil vi at du opplever verdi, mestring og trygghet i alle faser i livet. Slik vil Nissedal kommune sin visjon «Der gode liv levast» gjelde deg.

Nissedal kommune og lokalsamfunna har vært gode på integrering dei siste åra, Nissedal AP ynskjer å halde frem med god integrering for å sikre menneske i naud ein trygg og god start på eit liv i eit nytt land.

Nissedal Ap vil framleis ha barn og unge som ein av dei viktigaste satsingsområda. Å tilrettelegge eit lokalsamfunn som fremmer robuste og trygge ungdom er vårt ynskje og ambisjon.

Vi får til meir saman enn kvar for oss, derfor blir regionalt samarbeid i Vest Telemark viktig. Dette gjeld både tenesteyting, næringsverksemder og klimastrategi.

Di stemme kan påverke samfunnet du er ein del av - bruk den 11.september!




Velferd

I Nissedal skal me til ei kvar tid få dei helsetenestane me treng, dette skal alltid være ein raud tråd i alle tenestene me tilbyr unge og eldre. Kommunens nye omsorgsplan er med på å legge forholda til rette for å oppnå akkurat dette.

Dei kommande eldre er i generelt betre fysisk form, difor gjeld det for Nissedal kommune å stimulere til at alle kan leve eit langt, godt liv i ein alderdom med ulike typer buformer, kvardagsliv og livsglede. Mange vil leve eit aktivt liv, samtidig som dei treng god omsorg og eit trygt og samanhengande helsetilbod. Eldre skal kunne være sjef i eige liv, og vite at det offentlige vil støtte opp med dei kommunale tenestene dei treng. Ein trygg alderdom er viktig for Nissedal Arbeiderparti. Ei god kommunal heimesjukepleie vil være heilt avgjерande for å lukkast i målet om at flest mogleg skal klare seg godt i eige liv.

God framtidssretta helsetenester er avhengig av at me heng med i den teknologiske utviklinga og dei raske endringane som skjer på dette området. Rekruttering av kvalifiserte varme hender i omsorgsyrke, med fleksibel og tilpassa turnus er eit viktig virkemiddel for å sikre dette.

God folkehelse i alle aldre er det som er mest førebyggjande for god fysisk og psykisk helse. Kommunen må, i godt samarbeid med dei frivillige, legge tilhøva tilrette for at alle kan oppnå god folkehelse.



"TRYGGE OG GODE TENESTER
I ALLE FASAR AV LIVET"
PAUL-WILLY SETÅNE
VARAORDFØRERKANDIDAT



Nissedal Arbeiderparti vil:

- ⌚ Utvikle Nissedal til eit godt demensvennleg samfunn.
- ⌚ Åuke ressursane til psykisk helse.
- ⌚ Sikre framleis god fastlegedekning.
- ⌚ Bygge fleire omsorgsbustader.
- ⌚ Bygge nye aldersbustader sentrumsnært.
- ⌚ Jobbe for eit godt dagaktivitetssenter for personar med demens.
- ⌚ Bruke KVITO meir inn mot kommunale tilbod.
- ⌚ Styrke tannhelsetilbodet ved å ha tilgjengeleg tannlege lokalisert i kommunen, i tillegg til tannpleiar.



Oppvekst

Skule og barnehage

Fullført utdanning er grunnlaget for ei god framtid, og det starter med motiverte born i barnehage og grunnskule. Denne motivasjonen må vi halde varm gjennom tilpassa og praktisk opplæring, der elevmedverknad står sentralt. Barnehagen skal vere ein arena der borna er sikra gode og trygge oppvekstvilkår med fokus på leik og stimulering. Borna skal oppleve at barnehagedagen er variert og tilpassa deira nivå. Alle barn frå 1 års alderen skal få tilbod om plass i barnehagen.

Å tilby gratis skulemat til alle elevar betrar konsentrasjon og prestasjon.

Gratis SFO vil stimulere til inkludering, utjamne skilnader og skape gode fellesskap. SFO bør vere ope i feriar.


Nissedal AP er svært nøgde med å ha innført Læringsbrett i skule og barnehage, vi vil nå løfte fram kompetanse blant tilsette så verktøyet brukast optimalt.

Å skape lokalsamfunn som bidreg til trygge og robuste barn og ungdom er eit av Nissedal Ap sine viktigaste mål. Her må alle gode krefter jobbe saman.

Nissedal Arbeiderparti vil:

- ⌚ Tilby gratis barnehageplass ved utsett skulestart
- ⌚ Oppretthalde barnehagetilbud i grendene ved behov
- ⌚ SFO skal vere gratis frå 1.- 4.klasse
- ⌚ Gratis skulemat for alle

- ⌚ Mindre tradisjonelle heimelekser, arbeid gjerast på skulen med kvalifisert personell
- ⌚ Inkludere ungdomsråd i politiske saker med eit språk dei forstår
- ⌚ Jobbe for auka gjennomføring av elevar i vidaregåande skule
- ⌚ Sikre god digital kompetanse blant tilsette i oppvekst
- ⌚ Tilby gode undervisningslokale for våre elever, med fokus på ungdomsskulen og murbygget på Tveit Skule.
- ⌚ Styrke tverrfagleg kompetanse i skulen, som miljøterapeuter, fysioterapeuter, slik at ulik kompetanse fanger opp barns behov.



Kultur og frivillighet

Å ha tilgang på varierte fritidstilbod og gode arenaer å møtes, er viktig i alle aldre. Nissedal kommune driv populære tilbod gjennom kulturskule og ungdomsklubb og gratis kommunale treningstilbod for ungdom, vaksne og eldre. Frivilligheten gjer mange med sine flotte tilbod. Det er mykje god helse og integrering i frivilligheten, og det bør ikkje vere lommeboka som styrer om born kan delta i aktivitet.

Nissedal Arbeiderparti vil:

- ⌚ Ha godt samarbeid med frivilligheten
- ⌚ Sikre 3 dagars Fritidsklubb finansiert av kommunen
- ⌚ Oppretthalde eit godt bibliotekstilbod med laurdagsope
- ⌚ Halde symjebassenget ope og tilpassa ulike brukergrupper
- ⌚ Vidareføre kontingentkassa og sikre at born kan delta i aktivitet uavhengig av familieøkonomi



Klima – eit nødvendig skifte i Nissedal

Klima og naturkrisa er vår tids største utfordring. Vi må kutte utslipp samtidig som vi skapar nye grønne arbeidsplassar. Nissedal AP vil ta utfordringa på alvor og fokusere på klima, miljø og energi ved å ta i bruk naturressurser på en bærekraftig måte og stimulere til at vårt lokale næringsliv tek i bruk klimatilpassa løysingar. Vi vil vere med å utvikle nye næringar og vere ein samarbeidspartner og pådriver i dette arbeidet.

For Nissedal Ap er det viktig å drive ein forutsigbar politikk der vi finn ein god balanse mellom Nissedal som bærekraftkommune og Nissedal som ein offensiv næringsaktør. Vi vil bidra til investering i grønn omstilling, vere ein god samarbeidspart til verksemder som ynskjer å bidra til omlegging i retning av lågutslippsamfunnet, som for eksempel bioøkonomi, sirkulær økonomi og bærekraftig reiseliv. Vi vil støtte opp under tiltak som reduserer utslipp og forurensing frå eksisterande næringsverksemd.

Klimaplanen for Vest-Telemark vil være eit viktig styringsverktøy for kommunen.

Hovedmålet i klimaplanen seier dette:

«Kommunane i Vest-Telemark skal redusere det totale klimafotavtrykket frå eiga verksemd, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivarar for klimavenlege løysingar i regionen i samsvar med nasjonale føringar og målsetjingar».

Nissedal Arbeiderparti vil:

- ⦿ Legge til rette for fleire hurtigladepunkt for el-bilar i heile kommunen
- ⦿ Bidra til at offentlege bygg reisast på miljøvennlig og bærekraftig måte, med fornybare material der det er mogleg
- ⦿ Restaurere bygg i større utstrekning, ikkje nødvendigvis bygge nytt
- ⦿ Verne bygg gjennom bruk
- ⦿ Fokusere på lysforureining, miljø og klima i kommande arealplanar
- ⦿ Stille krav om gode kommunale ENØK tiltak
- ⦿ Sjå på måter kommunen kan stimulere til delingsøkonomi/ sirkulærøkonomi, ved blant anna utleige av kommunale bilar
- ⦿ Stille miljøkrav i offentlege anskaffelser for å stimulere til eit grønt skifte
- ⦿ Etablere klimabudsjett og klimaregnskap for kommunen
- ⦿ Vurdere utbygging av fornybar energi



- ◎ Legge til rette for solcelletak på kommunale bygg
- ◎ Ved omlegging av eksisterande matjord skal dette arealet erstattast med minst tilsvarende areal og kvalitet.

Næring

Eit godt næringsliv er heilt avgjerande for at me som bur i kommunen framleis skal ha eit lokalsamfunn kor me trivast og ynskjer å leve. At folk har godt og tryggt arbeid er sjølve grunnlaget for eit lokalsamfunn. Kommunen skal være den naturlege og profesjonelle samarbeidspartnar i mykje av næringsutviklinga i kommunen, både for nyetablering, men også som partner for utvikling av eksisterande næringsliv. Kommunen må innehå profesjonell kompetanse innanfor næringsutvikling, som er i tråd med kva lokalt næringslivet har forventning om. Næringsapparatet i kommunen må være tverrfagleg samansett, fleire gode krefter må jobbe saman for å legge tilhøva til rette for utvikling. Frå ide til etablering må det i alle kommunale ledd være ein gjennomgåande JA kultur for å bidra til utvikling.

Hytteutviklinga i Nissedal har gjennom mange tiår vore ein av våre viktigaste næringar. Den har stimulert til stor næringsvekst og sikra oss alle mange gode private og kommunale tenester, tenester vi nok ikkje hadde hatt utan våre mange deltidsinnbyggjare. Slik vi det også vere i dei neste tiåra, men vi må tilpasse oss den nye tida vi er inne i.

Miljø/Klimafokuset må ha ein større faktor i planlegging og utvikling av nye og godkjente hytteområder. Arealbruken til hyttebygging i Nissedal utgjer per idag ca. 1,3% av totalarealet i Nissedal og vi meiner denne bør holdas under 1,5%. Samtidig må dei mange eksisterande og kommande tiltak og løysingar, for å gjere hyttebygging meir miljø og klimatilpassa, følges opp i kommunale politiske vedtak og planverk.

Nissedal Arbeiderparti vil:

- ◎ Legge til rette for vekst og nyskapande næringsverksemد
- ◎ Sikre at det er enkelt og ubyråkratiskt å starte opp og vidareutvikle næring i Nissedal
- ◎ Vektlegge Langmoen som satsingsområdet for industri
- ◎ Jobbe for fleire lærlingepllassar i kommunal og privat regi
- ◎ Arealbruken til hyttebygging i Nissedal haldes under 1,5% av kommunens totale areal
- ◎ Prioritere fortetting i allereie eksisterande hytteområde framfor å ta i bruk ubrukte område til hyttebygging
- ◎ Legge tilhøva til rette for ei meir miljø- og klimatilpassa arealforvaltning
- ◎ Være med å fremme Nissedal som ein reiselivdestinasjon
- ◎ Bidra til å få realisert gangbru frå sentrum til sommarsletta



Arealforvaltning

Samfunnet har behov for å disponere areal til ulike føremål innan transport, industri, energi, landbruk, fritidsføremål og busetnad.

Samstundes har me behov for, og pliktar, å ta vare på, forvalte og restaurere natur.

Dette gjev utfordringar og konfliktar i areal- politikken, men også moglegheiter for innovasjon og utvikling av kunnskapsbaserte løysingar som grunnlag for økosystembasert forvalting. Grunnane til arealtap og -øydeleggning er komplekse, og utfordringane må løysast på tvers av sektorar og fag

-Henta frå Klimaplanen-



Tekniske tenester og planarbeid

Nissedal har mange deltidsinnbyggjare i kommunen vår som vi verdsetter svært høgt. Deira kjennskap med Nissedal kommune er ofte kun gjennom plankontoret og dei tekniske tenestene. Dette er tenester som kan kome i skuggen av andre kommunale tenester, men som er avgjerande for oss alle. Vi har nå blitt mange som deler på fellesutgifter til vann og avløp i Nissedal. Dette er med på å gjere utgiftene lågare hos oss enn i nærliggande kommunar. I tillegg har vi vann og avløpstener i verdsklasse. Gjennom eigarskap i renovasjonsselskapet IATA har vi i mange år hatt ei leiande rolle i framtidsretta renovasjonsstenester. Dette må vi være med på å videreutvikle i åra som kjem. Avfall som tidlegare har blitt sett på som eit sluttprodukt og eit problem, kan nå spele ei rolle i eit meir berekraftig samfunn. Avfall er ein ressurs med stor verdi. Vi skal inn i eit sirkulært kretslaup der alle ressursar må handsamast på ein måte som ivaretak ressursane for evig tid.

Nissedal Arbeiderparti vil:

- ⌚ Være med å videreutvikle IATA til ein viktig miljøbedrift i vår region.
- ⌚ Sikre nye tilkoplingar til vatn og avløp.
- ⌚ Til ei kvar tid ha eit godt utval av kommunale bustadtomter tilgjengeleg.
- ⌚ Sikre at det frivillige brannvesen innehar rett kompetanse, samt at dei har godt og tilpassa utstyr til dei utfordingene som er.
- ⌚ Ha ein god plan for nivåheving av standarden på kommunale bygg og utelegebustader.

Våre kandidater



Kristin P. Vågen
Ordførerkandidat
f. 1976



Paul-Willy Setane
Varaordførerkandidat
f. 1967



Linda Solberg
3.kandidat
f. 1975



Kim Jørgen Berntsen
4.kandidat
f. 1984



Katrin Houthuizen
5.kandidat
f. 1977



Oscar Nordli
6.kandidat
f. 1971



Ann Kristin Nordbø
7.kandidat
f. 1967



Olav Gunnar Tveiten
8.kandidat
f. 1982



Simone Buyck
9.kandidat
f. 1969



Arnar Vågen
10.kandidat
f. 1976



Vibeke Homme
11.kandidat
f. 2003



Grzegorz S. Bialecki
12.kandidat
f. 1986



Marit Louise Bjørkmoe
13.kandidat
f. 1980



Abraham Grimstveit
14.kandidat
f. 1971



Kirsten E. Jensby
15.kandidat
f. 1949



Bjørn Magne Sandåker
16.kandidat
f. 1987



Ingvild Vee Hansen
17.kandidat
f. 1975



Lars Arvid Bjørgulfson
18.kandidat
f. 1948



